

# FYRESDAL SYMJEGRUPPE

## ÅRSMELDING 2016

### 1. Styret

Funksjon	Navn
Leiar	Elisabeth Taraldlien
Kasserar	Ellen Sofie Skansen
Sekretær	Ingun Lauvrak
Materialforvalter	Hans Kristian Homme
Kontaktperson	Monica Aas
Vara	Kristin Vedum
Valgkomite	Gunnhild Austjord Randi Lauvrak

Styret har hatt eit godt samarbeid, hatt 4 styremøte. Det har vore ei utfordring å samle styret, så nokon vedtak og ein del kommunikasjon har blitt gjort på e-post. Leiar har delteke i styret til Fyresdal Idrettslag.

### 2. Medlemstal

Vi hadde pr 31.12.2016 totalt 23 medlemmer.

### 3. Trening

Vi har hatt inndeling i 3 parti svømmerar:. Gruppe C, gruppe B noko mer erfarne svømmerar og gruppe A som er dei eldste symjerane. Symjarane kan bli flytt mellom gruppene i løpet av sesongen. Dette er vurderingar trenerane gjer på grunnlag av nivå, motivasjon og kjemi i gruppene.

Svømmegruppa har faste treningskveldar måndag og torsdag. Våren 2016 har vi og hatt trening på sondag ettermiddag. A og B gruppa har hatt tilbod, men bare fire symjerar i A gruppa har delteke på søndagstrening. Haustsesongen har vi ikkje hatt sundagstrening. To av A svømmerane har i vår delteke på basistrening på Sporty. Dette er eit samarbeid med

skiskyttarlaget og har vore veldig positivt. I haust vart dette tilbodet utvida som eit samarbeid mellom sporty og FIL, symjegruppa, fotballgruppa og Skiskyttarlaget. Sju har delteke på dette.

#### **4. Trenerar**

Tilgangen på trenerar har til tider vore ei utfordring. Men hausten 2016 var vi veldig fornøygde med at nesten alle trenerane sa ja til ein ny sesong. I tillegg fekk vi med tre nye som delar på å ha c-gruppa. Dei har gjort en veldig god jobb og har bidrige med gode treningsopplegg og eit godt miljø i gruppa.

Trenarane har vore :Lillian Breivik, Kari-Anne Noraberg, Åse Kiland, Anne Ågot Stensland, Janne Hagen, Gry Åmlid og Randi Lauvrak.

Vi har tatt to trenarmøte i løpet av året for å diskutere og evaluere treningsopplegg, trenarturnus, stevnedeltaking og ana.

#### **5. Stevne**

Tilsaman 10 svømmerar har delteke på approbera stevne. Sidan vi i år har færre A-symjerar har vi hatt noko lågare stevnedeltaking. Mange gode personlege rekordar blant dei som har konkurrert. Det har og blitt arrangert to rekruttstevne i Telemark i haust i tillegg til det vi sjølv arrangerte i vår. Det eine rekruttstemne hadde ikkje vi anledning til å reise på ,sidan det kolliderte med vår treningsheld i Kristiansand. Vi har arrangert 3 klubbstevne i løpet av året. Dette har vi gjennomført saman med trenarane og foreldregruppa. Klubbstevne er med på å gje svømmerane opplæring i kva som skjer på eit svømmestevne. Det gjev og øving i ulike prosedyrer i sammenheng med stevne samt at dei får vist foreldregruppa kva dei har lært og eigen framgang.

I sesongen har svømmerane delteke på desse stevna:

- Januar- Skagerak swim festival Kristiansand 5 jenter deltok
- Mars - Poseidon Tyr Cup – 2 jenter deltok
- April – Sandefjord 6 jenter deltok

Førsdalsvøm rekruttstevne 50 deltakerar frå Poseidon, Kragerø og Fyresdal. 23 lokale deltakerar 8 gutter og 15 jenter

- November- Fjordsvøm i Sandefjord 2 gutter og 3 jenter deltok
- Desember- rekruttsetvne i Heistad hallen – 2 jenter deltok

## **6. Aktivitetar**

Vi har i løpet av året hatt stor aktivitet i svømmebassenget.

Kommunen gjev oss god tilgang til bassenget for trening, stevne og kursvirksomhet .Dette er viktig for oss og gjev Fyresdal svømmegruppe eit fortrinn sammenligna med andre klubbar i distriktet.

- I april arrangerer vi rekruitstevne.
- I juni arrangerte vi svømmeaksjonen som er eit intensivt symje og livredningsprogram i regi av svømmeforbundet og gjensidige. Det blei halde fem ettermiddagar på rad rett etter skuletid. Dette gjorde vi delvis på dugnad og med litt innleigde ressursar. Målgruppa var utrygge innvandrarborn og 6 åringer. Vi hadde 16 deltakarar og fekk gode tilbakemeldingar.
- Vi var på treningsleir i Kristiansand seiste helga i september
- Vi hadde i haust 2 kvelder med barneidrettskulen med godt oppmøte.
- Vi har og arrangert livredningskurs for trenarane med innleigd instruktør frå Grenland svømme og livredningsklubb. Fyresdal kommune, telemark kildevann og telemark lys hadde og med deltakarar på kurset.
- Vi valde i haust å arrangere symjeskule i staden for å ta opp rekruitar direkte. Tilbodet gjekk til alle frå 2. til 5.klasse uavhengig av nivå. Vi fekk kjemperespons og 23 deltakarar. Mange hadde stor framgang, og dei som kunne symje 25m utan stopp etter kurset fekk tilbod om å byrje som rekruitar etter jol.

## **7. Dugnad**

Svømmegruppa sine duggnadar har vore salg av dopapir og tørkerullar. Vi hadde og god inntekt på Svømmeaksjonen.

## **8. Økonomi**

Svømmegruppa har nå god økonomi. I 2016 hadde vi eit underskot på 28 000 mot eit overskot på 95 000 året før .Det er fleire årsaker til undeskotet. Dei to hovudårsakene er bestilt representasjonstøy i 2015 men regninga kom ikkje før etter nyttår og nedgang på sponsorinntekter.

Sponsorar for svømmegruppa i 2016 :

Sparebanken Sør

Telemark Kildevann

Fyresdal februar 2017 for styret leiar Elisabeth Taraldlien